


**Fra:** Per Lerøy  
**Sendt:** torsdag 6. juli 2023 14:23  
**Til:** Marius Åmbakk Bjørkedal  
**Kopi:** Bjørnar Fjellhaug; Asbjørn Nagell Toft; Laila Bjørge; Post Austrheim  
**Emne:** VS: Innsynskrav kommunikasjon  
**Vedlegg:** Aksjonsgruppa for Øksnesmarka.docx; Skriv om Øksnesmarka.docx; Sirkulær og bærekraftig næringsutvikling på Oksneset, Austerheim kommune.pdf; Svar til aksjonsgruppa.docx; Bioforsk Prosessert TCC.pdf; Bioforsk Runoff Storemyra.pdf



Hei igjen.

Firmaet som var involvert i reinsinga av borekaks på Mongstad var TWMA Norge AS og den som var ansvarleg for arbeidet var John-Kåre Krokene. TCC RotoMill er den tekniske prosessen som vart nytta for å skilja borekaksen frå olje og andre væsker i avfallet som skulle reinsast. John-Kåre Krokene sat ein periode som representant for miljøpartiet Venstre i Austrheim kommunestyre. Eg ser det som utenkjeleg at TWMA Norge AS eller John-Kåre Krokene gjorde noko som var ulovleg med tørrstoffet frå reinseprosessen. Hugs at oljeselskapa som TWMA Norge AS jobba for, har og hadde gode oppfølgingsrutinar for å hindra at avfall som kan sporast tilbake til selskapa, kjem på avveggar eller blir deponert ulovleg. Eg ser det også som utenkjeleg at Odd Haugen etter tolv år vel å køyra borekaksblanda

jord ut av det deponiet som vart etablert i perioden 2006 – 2011. Han veit svært godt at Naturvernforbundet i Nordhordland overvakar alt han gjer.

Eg er redd for at utfordringa her er at nokon ønskjer å gje Odd Haugen eit negativt omdømme, det har dei alt gjort fleire forsøk på. Årsaka til det er at han, som grunneigar, har starta ei lovleg regulering av næringsområdet i Øksnesmarka. Dette vil nokon gjera til ei politisk sak i valkampen, sjølv om kommuneplanen frå april 2019 slår fast at om lag 550 dekar av Øksnesmarka er næringsareal og kommunestyret har gitt grønt lys til oppstart av reguleringsarbeidet.

Les vedlegga, så forstår du meir av saka. Ta gjerne kontakt med John-Kåre Krokene for å få meir detaljar omkring prosessen med å etablere eit deponi for borekaks i Leirvågen. Han bur i Tønsberg og er framleis aktiv i Venstre.

Med vennleg helsing  
Per Lerøy  
Ordførar

.....

Austrheim kommune  
Telefon: 94506747  
[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)



*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.  
All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem*

---

**Fra:** Marius Åmbakk Bjørkedal <[marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com](mailto:marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com)>  
**Sendt:** onsdag 5. juli 2023 15:00  
**Til:** Per Lerøy <[Per.Leroy@austrheim.kommune.no](mailto:Per.Leroy@austrheim.kommune.no)>  
**Emne:** Re: Innsynskrav kommunikasjon

Det er vel TCC Rotomill? Har sett rapportane dei fekk bestilt til å sjekke kva som var innhaldet i borekaksen.

Takk for opplysningane. Sjekker opp dette med kvifor dei trur borekaksen også blir frakta på. Er det tatt prøver av jorda som blir frakta?

Gir ein lyd om vi reiser, og når eg kan møte deg då.

On Wed, 5 Jul 2023 at 14:52, Per Lerøy <[Per.Leroy@austrheim.kommune.no](mailto:Per.Leroy@austrheim.kommune.no)> wrote:

Hei.

Eg møter deg gjerne. Eg skal finna namn på firmaet som behandla borekaksen på Mongstad og på han som var deira kontaktperson mot myndigheitene. Statens Forureiningstilsyn var inne i bilete, men det vert av tidlegare tilsette i firmaet sagt at alle ansvarlege statlege myndigheiter var inne i bilete. Det er gjort nøyaktig greie for kor mange lass og kor mykje behandla borekaks som er køyrd frå Mongstad og til deponiet i Leirvågen, så alt tyder på at aktiviteten har vore grundig overvaka.

Elles kan eg opplysa om at Jan Nordø har sendt melding til Miljødirektoratet om at Austrheim kommune har gitt Odd Haugen løyve til å bakkeplanera i Heiane med jord iblanda borekaks. Det er rein løgn. Kommunen med landbrukskontoret har gitt Haugen løyve til å bakkeplanera med reine jordmassar.

Med vennleg helsing

Per Lerøy

Ordførar

.....

Austrheim kommune

Telefon: 94506747

[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)



*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.*

*All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem*

---

**Fra:** Marius Åmbakk Bjørkedal <[marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com](mailto:marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com)>

**Sendt:** onsdag 5. juli 2023 14:04

**Til:** Per Lerøy <[Per.Leroy@austrheim.kommune.no](mailto:Per.Leroy@austrheim.kommune.no)>

**Emne:** Re: Innsynskrav kommunikasjon

Hei Per!

Takk for svar. Kva relevante statlege myndigheiter er det snakk om? Vil gjerne ha tilgang til desse godkjenningane. Elles blir det berre ord mot ord.

Korleis veit de at Odd Haugen ikkje tek jord som inneheld borekaks? (Til info spør vi om kvifor Naturvernforbundet trur at Haugen tek jord som inneheld borekaks.)

Tek kontakt seinare. Reiser truleg ein tur til Austrheim måndag neste veke for å møte naturvernarane i området. Kan gjerne møte deg for ein prat også, om du har tid. Det blir i 11-12 tida vi er der.

On Wed, 5 Jul 2023 at 13:14, Per Lerøy <[Per.Leroy@austrheim.kommune.no](mailto:Per.Leroy@austrheim.kommune.no)> wrote:

Hei.

Eg viser til meldinga under. Eg trur du er grundig ført bak lyset av Naturvernforbundet her. Det er lagra tørrstoff etter behandla borekaks i Leirvågen. Det ser ut til at det skjedde i perioden 2006 – 2011, og med godkjenning frå relevante statlege myndigheiter. Odd Haugen har søkt om og fått løyve av kommunen om bakkeplanering på gnr. 156, bnr. 17 – 12 – 82 – 4. På ei synfaring i dette området 29. april i år, med landbrukssjef Laila Bjørge, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug, avdelingsleiar for plan, bygg og oppmåling Asbjørn Nagel Toft og grunneigar Odd Haugen, spurte eg grunneigaren direkte om han hadde planar om å nytta jordmassar som var blanda med borekaks til bakkeplaneringa. Årsaka til spørsmålet mitt var at eg hadde sett påstanden frå leiaren i Naturvernforbundet i Nordhordland, Jan Nordø, om at det var desse massane frå Leirvågen Odd Haugen hadde planar om å nytta. Odd Haugen svara då eit rungande «nei, massane i Leirvågen skal bli liggjande der dei ligg. Me jobbar med ein jobb på Mongstad Sør og dersom me får den, skal me nytta jordmassane derifrå til bakkeplaneringa.» Dette er så vidt eg veit den einaste gangen eg har snakka med Odd Haugen om desse massane. Eg har aldri kommunisert skriftleg eller på sms med Odd Haugen om desse massane. Eg har spurt tilsette i det firmaet som behandla borekaksen på Mongstad i den perioden det gjeld, og dei seier at statlege myndigheiter, mellom anna SFT, var involvert i prosjektet og at fleire statlege etatar var på synfaring både på Mongstad og i Leirvågen.

I desse dagar er Odd Haugen Maskinstasjon i full gang med å køyra jordmassar frå Mongstad Sør til det om søkte området for bakkeplanering. Det har eg konstatert med sjølvsyn i dag.

Austrheim kommune behandlar alle slike saker korrekt og både planavdelinga og landbruksavdelinga ser til at alt går rett føre seg. Det som no skjer er at jord frå eit område som skal nyttast til å utvida næringsverksemda på Mongstad Sør, vert nytta til å etablera mange dekar nytt, flott og produktivt slåtteland i Austrheim. I staden for å byggja ned landbruksareal, sørgjer både grunneigaren og kommunen for å fornya og utvida kommunen sitt landbruksareal. I ei verd som skrik etter auka matproduksjon, må slike tiltak applauderast, men det klarar diverre ikkje Naturvernforbundet i Nordhordland å gjera.

Med vennleg helsing  
Per Lerøy  
Ordførar

.....  
Austrheim kommune  
Telefon: 94506747  
[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)



*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.  
All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem*

---

**Fra:** Post Austrheim <[post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no)>

**Sendt:** onsdag 5. juli 2023 08:54

**Til:** Per Lerøy <[Per.Leroy@austrheim.kommune.no](mailto:Per.Leroy@austrheim.kommune.no)>

**Emne:** VS: Innsynskrav kommunikasjon

Sak 23/11

Med vennleg helsing

**Ane Landgård**  
Servicekontoret



Tlf.: 56 16 20 00 / 56162110

[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.*

*All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak-og arkivsystem.*

---

**Fra:** Marius Åmbakk Bjørkedal <[marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com](mailto:marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com)>

**Sendt:** onsdag 5. juli 2023 08:43

**Til:** Post Austrheim <[post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no)>

**Emne:** Innsynskrav kommunikasjon

Hei! Med dette ber eg med grunnlag i §9 i offentleglova om innsyn i all kommunikasjon mellom kommunen (då helst Per Lerøy og Asbjørn Nagell Toft) og Odd Haugen (som eig Odd Haugen Maskinstasjon) som gjeld deponiet i Leirvågskrysset, nær Mongstad, der jordblanda borekaks blir køyrt ut. Minner om at telefonloggar, sms-ar og e-postar også blir innfatta som offentleg etter offentleglova. I Regjeringa sin rettleiar til Offentleglova heiter det at: "Opplysningar om økonomiske tilhøve knytte til næringsverksemda til enkeltpersonar fell normalt utanfor uttrykket personlege tilhøve." I tillegg er det uttrykkeleg klart at opplysningar som er rekna som personopplysingar etter personopplysingslova, i seg sjølv ikkje fører til at det er underlagt teieplikt etter forvaltingslova. I tillegg til dette ber eg om innsyn i søknadar som gjeld deponiet, samt godkjenningar til deponering i området. Om innsynkravet blir avslått vil eg minne om §31-2, som gir meg rett til ei nærare grunngjeving for avslaget.

Håper dette ikkje er alt for omfattande, då slik kommunikasjon skal lagrast. :)

--

Med venleg helsing,  
Marius Åmbakk Bjørkedal  
Journalist i Bergens Tidende  
Tlf: 954 97 555